



Torgeir Seter

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/14 - 19/5097

Saksbehandlar:

Grete Algrøy Herøy

grete.algroy.heroy@radoy.kommune.no

Dato:

27.03.2019

Høyring - Akuttberedskap barnevern - barnevernsvakt Hordaland

Rapporten beskriv tre ulike modellar som alle vil fylla kravet til akuttberedskap .

Modell 1

Det er lagt opp til 7 regionar. I denne modellen finn vi igjen det som pr i dag framstår som eit godt alternativ i nord.

For kommunane Lindås, Meland og Radøy som pr i dag er eit samanslått barnevern, og som frå 01.01.2020 vil heita Alver barnevern, har vi etablert akuttberedskap frå 01.01.2019.

Beredskapen omfattar passiv vakt alle dagar frå kl 16.00 til kl 0800 og heile døgnet på helg og høgtidsdagar. Det er tilsette som er kvalifiserte for det, og som har sagt seg villige til å delta, som tek ei veke kvar i vakt ordninga. Det rullerer nå mellom 6 personar. Dei vert godtgjorde for vaktordninga med ein fast årleg sum. Dersom det må rykkjast ut fysisk, vert det betalt overtid. Det vert gjeve godgjerdsløst ved høgtider.

Vakttelefonen går på omgang til den som til ei kvar tid har vakt. Det er berre offentlege etatar som kan ringe vakttelefonen.

Sidan ordninga er heilt fersk, har ein ikkje eit stor grunnlag for å seie kor mykje ordninga vert brukt, korleis dei som har vakt opplever det, eller dei som ringer til vakttelefonen opplever at hendingar vert handsama. Dette vil vi ha meir kunnskap om etter kvart. Det vert ført logg over hendingar tilknytt beredskapen.

Barnevernstenesta i Lindås, Meland og Radøy ser i eit forholdsvis kort perspektiv, gjerne i løpet av 2020, muligheten for å tilby dei andre kommunane i Nordhordland (Masfjorden, Modalen, Austrheim og Fedje) å inngå i vaksamarbeidet.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

I denne modellen opprettheld ein dei allereie godt etablerte felleskapa i Nordhordland, avstandane vert mogleg å i vareta innan ei rimeleg tid, og kostnadane vil vera moderate.

Modell 2

Denne modellen ser ikkje ut til å vera ein veg å gå. Bjørnefjorden og Nordhordlandsregionen ikkje er naturleg knytt saman eller har andre samarbeidstiltak. Modellen vil krevje ein stor del logistikk knytta til koordinering av oppgåver, informasjonsdeling og dokumentasjon. Det vil forøvrig vere positivt at tilleggsoppgåver kan bestillas frå hovudkontoret.

Modellen synes ikkje vera den ideelle pr. no

Modell 3

Slik vi ser det er det er modell 3 med Hordalandsvakt ikkje er aktuell veg å gå. Det blir for stor region, som vil kunna framstå som eit nytt nivå, som også i tillegg skal ha avdelingskontor. Det aukar behovet for organisering og nye kostnader. Her må det også gjerast ei rekkje avklaringar om å avgje mynde til Hordalandsvakt. Hordaland, som no er Vestland fylke, vil kunne gje forvirrande meining.

Konklusjon:

Lindås, Meland og Radøy barneverntjeneste ved vertskommune Radøy vurderar at modell 1 vil vere mest hensiktsmessig for løysing av akuttberedskap pr no

Med helsing

Grete Algrøy Herøy
kommunalsjef helse og omsorg

Sissel Frotjold -tenesteleiar barnevern

Lindås, Meland og Radøy kommune.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torgeir Seter

Mottakarar:

Torgeir Seter

